

Referat frå elevrådsmøte på Lye skule 26.01.26

Elevar frå 4. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse

Sak 1 Tilbakemelding frå klassane, korleis vil ein bruke 15 000 kr som elevrådet fekk frå Jæren Sparebank

Klassane la fram forslaga dei hadde med seg. Dei drøfta seg i mellom og flesteparten hadde forslag om å bruke pengane på bøker og teikneseriar til biblioteket, fleire brettspel og ulike typar ballar elevane kan bruke i friminutta.

Rektor ser på kva dei ulike tinga kostar og tek med forslag til innkjøp på neste elevrådsmøte.

Sak 2 Resultat frå elevundersøkinga

Elevundersøkinga blir gjennomført på 5., 6. og 7. trinn i heile landet kvart år. No er resultata frå den sist gjennomførte undersøkinga komne.

Resultata er på ein skala frå 0 til 5, der 5 er høg grad av tilfredsheit.

Totalt sett er tilbakemeldingane frå elevane på Lye skule god. Dei meldar om høg grad av trivsel, stor grad av støtte frå lærarane og at dei er interessert i å lære. Mobbinga har òg gått ned, noko som er svært gledeleg.

Me snakka om kva som skaper trivsel og kva som motiverer og ikkje motiverer for læring.

Elevane sine tilbakemeldingar:

- Ikkje så motiverande å få beskjed om å gjer ekstraoppgåver når du er ferdig, meir av det same. Då “lønner” det seg ikkje å vera effektiv.
- Liker oppgåver med aktivitet og faglege spel.
- Kjekt med kahoot og quiz.
- Motiverande å få eit oppdrag før ein t.d skal lesa/jobba med ein tekst. At du du må visa kva du er lært på ein eller anna måte. Det gjer at me skjerpar oss.
- Arbeidsprogram med belønning på slutten er motiverande.
- Kjekt med Grej of the day.

Sak 3 Saker frå klassane

Kan me bruke innebandyutstyret i friminutta? Rektor svarer ja, elevane kan gjer avtale med lærar om å låse utstyret ut og inn.

Referent: Sigrd Kjetland